

Vedlegg nr 1 til Tenesterapportering pr juni 2014 med oppdatert prognose for budsjettåret 2014

alle tal i heile 1000 kr

Tenenesteområde	Budsjett 2014	Budsj. endr. 2014	Revidert budsj.	Regnsk. pr 30.06.14	Rest budsj. 2014	Påløpt % av bud.	Progn. 2014	Avvik rev. budsj. - progn.	Kommentar:
10 POLITIKK / RÅDMANNSKONTOR	20 200	745	20 945	8 065	12 880	39	20 945	-	Påløpte i % av totalt budsjett er lavt med 39% fordi budsjettet post på kr 5,8 mill til lønnsoppgjøret for heile kommunen ikkje er fordelt. Korrigerert for dette ligg forbruket på 53%. Ei rekkje større postar er betalt for heile året, og ein reknar med at revidert budsjett for året held. Budsjettendring gjeld intern overføring av ramme frå Læring og utvikling og PUK for stillingar som er overførte til dokumentssenteret. Når det gjeld drifta er det ein utfordrande driftssituasjon i resepsjon og på dokumentssenteret, delvis grunna sjukefråvær. Kapasiteten i dokumentssenteret bør vurderast, er truleg noko låg i høve oppgåvemengda. Her er det og utfordringar knytta til inn klima, det vert jobba med dette.
11 ØKONOMI-KONTOR	9 723	-	9 723	4 612	5 111	47	9 723	-	Sakshandsamingsarbeidet med startlån tek mykje meir tid enn rekna med, noko som går ut over økonomikontoret sin kapasitet til å drive ordinært arbeid med økonomistyring og andre økonomisaker. Arbeidet vert gradvis fasa ut om ikkje nye ressursar vert tilført. Ny lønnskonsulent starta i jobben i slutten av juli, og vi har frå om med lønnskøyringa for august teke tilbake lønsarbeidet frå Lindås kommune.
12 ØKONOMI / FINANS	-383 000	1 400	-381 600	-209 678	-171 922	55	-381 000	-600	Nasjonale skatteinntekter pr 1. halvår er på kr 2,3% mot 3,0% rekna med i statsbudsjettet for 2014. Dersom dette vert resultatet vil det for Meland kommune slå ut i reduserte skatte og skatteutjammingsinntekter på ca kr 1 mill. Meland kommune har i 1. halvår ein vekst i skatteinntekter på 4,4 % frå 2013 til 2014 mot budsjettet 3,0%. Inntektsutjamninga gjer at vi likevel vil kome dårlegare ut totalt sett. Vi har ikkje med i budsjett-revisjonen at rammetilskotet vart auka med ca. kr 0,4 mill som følgje av avtalen om revidert nasjonalbudsjett for 2014 mellom H+FrP+V+Krf. Netto kan vi rekne med lågare inntekter frå skatt og rammetilskot på kr 0,6 mill enn i revidert budsjett vedteke i juni. Merk at det inkludert i revidert budsjett er med avsetning til disposisjonsfond (kostnadsføring) med kr 11,9 mill. Sammen med overskotet frå 2013 på kr 3 mill inneber dette eit budsjettet disposisjonsfonn pr 31.12.2014 på kr 14,9 mill.
13 IKT OG ANDRE INTERKOM. SAMARB.	10 977	-	10 977	6 259	4 718	57	10 977	-	IKT Nordhordaland har fakturert kommunen ihht. budsjett. Førebels ikkje forventa overskriding på IT-utgifter som vert fakturert kommunen direkte. Felles brannteneste med Lindås er også inkludert i denne posten, og førebels er denne posten innanfor budsjett. Ingen forventa avvik så langt. Ein god del IKT-lisenskostnader vert betalt i byringa på året, og difor naturleg at forbruket så langt ligg på 57%.
14 RÅDGJEVAR-TENESTE ekskl. priv. barnehagar	9 200	-	9 200	3 297	5 903	36	9 200	-	Ingen forventa avvik så langt.
15 Private barnehagar	72 900	-2 100	70 800	37 621	33 179	53	70 800	-	Budsjettendringa på netto kr 2,1 mill for tenesteområdet inkluderer midlar til ekstraordinært tilskot til dei private barnehagane på kr 3,1 mill.

Tenenesteområde	Budsjett 2014	Budsj. endr. 2014	Revidert budsj.	Regnsk. pr 30.06.14	Rest budsj. 2014	Påløpt % av bud.	Progn. 2014	Avvik rev. budsj. - progn.	Kommentar:
20 LÆRING OG UTVIKLING	11 400	-405	10 995	4 811	6 184	44	10 995	-	Ingen forventa avvik så langt. Revidert budsjett på netto kr 0,4 mill består av forventa innsparing i Marihøna barnehage med kr 0,3 mill, reduksjon som følge av overføring av stilling til dokumentcenter med 0,5 mill uke, og auke i støttemidler med kr 0,4 mill.
21 GRASDAL SKULE/SFO	9 000	500	9 500	3 959	5 541	42	9 500	-	Grasdalen skule vart tilført kr 0,5 mill i ekstra midler i budsjettrevisjonen i juni. Så langt ser det ut som drifta for 2014 vil vere innanfor revidert budsjett.
23 MELAND UNG.SKULE	15 900	-	15 900	7 000	8 900	44	15 900	-	Det manglar ein del på refusjon sjukepengar og fødselspengar. Reknar med at det totalt sett går i balanse.
24 ROSSLAND SKULE /SFO	21 100	-	21 100	10 021	11 079	48	21 100	-	Førebels ser drifta ut til å vere i høve til budsjett . Refusjon sjukepengar og refusjonar frå andre på etterskot.
25 SAGSTAD SKULE/SFO	23 800	-	23 800	10 683	13 117	45	23 800	-	Vi er i henhold til vedtatt budsjett så langt. Det vert 3 førsteklasser neste skuleår. Planlagt å tilsetje ein vernepleiar frå 01.08.2014, men det har vi ikkje fått gjort enda. Stillinga er utlyst med søknadsfrist 20. august. Usikker på om bemanninga på SFO er tilstrekkeleg, då vi har ei stor auke i talet på born. Dette vil vi ha oversikt over i slutten av august.
26 VESTBYGD SKULE/SFO	13 200	-	13 200	5 880	7 320	45	13 200	-	Har mindreforbruk i forhold til budsjett på fastløn til lærarane første halvår, men vil jamne seg ut i andre halvår. Ser også ut til å kunne dekke naudsynte ekstraordinære tiltak som er rapportert om tidlegare innafor ramma for 2014.
30 HELSE	29 300	-	29 300	12 988	16 312	44	29 300	-	Det er flere usikkerhetsfaktorer som gjør prognosen vanskeleg. Viktigste usikkerhetsfaktorer er: - Kommunal medfinansiering Helse Vest. - Omsøkte statlige tilskudd innen etterutdanning og folkehelse . - Inntekter fra kurativ legepraksis. Elles er det foretatt mindre reduksjoner i driften på flere av tjenestetilbudene. Driften ser foreløpig ut til å gå i balanse.
35 SOSIALE TENESTER INKL. FLYKTN.	12 900	-	12 900	6 567	6 333	51	12 900	-	Kommunal del av NAV har så langt i år noko meirforbruk i forhold til budsjett, men dette skuldast at vi ikkje har motteke refusjon av leiarløn frå NAV stat og er på etterskot med refusjon av sjukepengar. Det er vidare forskotsbetalt for tenester frå MAKS for 3. kvartal. Når det gjeld flykningerekneskapan som er del av sosiale tenester viser den så langt inntekter på kr 1,3 mill, men dette skuldast at vi ikkje har avsett til fond (vert gjort i årsoppgjeret), og manglande periodisering av diverse inntekter / utgifter.
36 BARNEVERN	8 900	-	8 900	2 694	6 206	30	8 900	-	Ingen forventa avvik så langt.

Tenesteområde	Budsjett 2014	Budsj. endr. 2014	Revidert budsj.	Regnsk. pr 30.06.14	Rest budsj. 2014	Påløpt % av bud.	Progn. 2014	Avvik rev. budsj. - progn.	Kommentar:
37 MELAND SJUKEHEIM	32 540	-	32 540	13 751	18 789	42	32 540	-	<p>Totalt for tenesteområdet er forbruket på vel 42 % pr 30.06. Det er brukt 44 % totalt på løn. Det er innan ramma for lønsbudsjettet. Det kjem og ny avdelingsleiar frå 1. september i tillegg til den som starta 1. april. 3 personar har uløna permisjon 2. kvartal noko som gjev høgare vikar kostnad. Tilsaman gir dette truleg eit høgare forbruk for lønskostnader 2 halvår.</p> <p>Det er ein del feil registrering av personale under dei ulike ansvarsområda. Dette gjer det utfordrande å ha oversyn over den økonomisk stoda. Er lova at dette vert ordna til neste rapportering. Sjukefråværet er 7,8 % pr 30.06.14, noko som kan tyda på at sjukefråværet 1. halvår kan verta noko lavare enn 1. kvartal. (All registrering av sjukefråværet er truleg ikkje med). Likevel ligg ein samla set innan budsjettamma for tenesteområdet pr 30.06.14 .</p> <p>Frå august 2014 har det vore overbelegg av to pasientar (langtid) ved sjukeheimen. Dette har ført til ekstra bemanning med inntil 12 timar pr dag. Dette gjev ein auka kostnad på kr 465.000,- for resten av året, noko som kan vere vanskeleg å dekke inn innanfor ramma.</p>
38 MELAND HEIMETENESTER	48 160	-	48 160	22 377	25 783	47	48 160	-	<p>Samla sett har Meland heimeteneste ved utgangen av juni 2014 hatt eit forbruk på 47 %. Dette forbruket på det fyrste halve året ser bra ut. Fordeling av lønsutgifter på dei ulike ansvarsområda internt i tenesteområdet er fortsatt ikkje riktig, noko som gjer det utfordrande med rapporteringa. Totalt sett har vi berre brukt 41% av lønsutgiftene. Ei årsak er at 3 vernepleiarstillingar har vore vakante, vi har kun brukt vikarar i kveld og helgestillingar. Avdelingsleiarane i dei nyoppretta stillingane vil vere på plass frå 15 juni og 1 sept så utgiftene til desse stillingane er ikkje med ennå.</p> <p>Tenesta til personar med nedsett funksjonsevne er krevjande. Ein ny brukar flyttar i mai frå foreldreheimen, dette krev ekstra personale. Bemanninga til avlastning i avlastningsleiligheitene må uavhengig av dette aukast opp i løpet av hausten. Etter pålegg frå Fylkesmannen er det gjort vedtak om omsorgsløn til ein ny brukar. I sum gjer dette at vi kan rekne med ein meirkostnad på mellom kr 0,5 og kr 1,0 mill. Det er manglande budsjettering av kjøp av tenester frå privat institusjon, men dette ser ut til å kunne dekkast inn med andre innsparingar. Grunna dei vakante stillingane er det blitt meir overtid på det faste personalet. Refusjon sjukepengar ikkje er ajorført. Vi har fleire langtidssjukmeldte. Det er ikkje ført refusjon for utgifter til ressurskrevjande brukarar. Her kom ein betydeleg betre ut enn budsjettet i fjor. Totalt sett er det ei rekke usikre element når ein analyserer status og forventa prognose for tenesteområdet, men så langt ser det ut som ein skal kunne gå i balanse.</p>
50 KULTUR-KONTOR	6 600	100	6 700	1 087	5 613	16	6 700	-	Ingen forventa avvik så langt. Lavt forbruk hittil i år skyldes mellom anna inntektsførte spelemidlar i juni 2014 der utgifta vert bokført i august.
60 PLAN, UTBYGGING OG KOMMUNAL-TEKNIKK	27 200	-240	26 960	2 666	24 294	10	26 960	-	Det er ei viss inntektssvikt innan oppmåling, og overforbruk av konsulenttenester innan byggesak. Avvika vil bli handtert innafor ramma for PUK ved reduserte utgifter på andre område og reduserte lønsutgifter som følgje av lengre vakanse enn rekna med. Det er gjort tilsetningar i ledige stillingar, og saksbehandlingskapasiteten vil dermed bli meir normal frå hausten. Aktiviteten er elles normal, utan vesentlege fråver.
Resultat	-	-	-	-45 340	45 340		600	-600	